



# 1. Raudhamaren (1437 moh)

Turen startar frå FV51, sør for Heimdalsmunnan, nord for «Stein på stein». Følg Fjellstafettskilt og påler. Bekkerkryssinga er utfordrande i flomperioder.

Lengde: ca. 2,5 - 3 km

Tid: ca 1-1,5 t





## 2. Fagerdalsknappen (1397 moh)

Ta av FV 51 i Skammestein. Følg Vinstervegen retning Skreddalen, bomveg. Turen startar ved Skreddalen. Les kart og følg stien opp til Fagerdalsknappen.

Lengde: ca 2.5 km

Tid: ca 1 - 1,5 t





### 3. Bitihorn (1607 moh)

Turen startar ved «samecampen» ved FV51. Følg T-merka sti ca 1 km, deretter gå gjennom ei grind i eit reinsdyrgjerde og følg merka sti vidare til toppen.

Lengde: ca. 3,5 km (ein veg)

Tid: Ca 2 timar opp





## 4. Nasen på Skaget (1497 moh)

Køyr av FV51 ved Coop på Heggnes og følg stølsvegen (bomveg) mot Yddin. Frå bommen er det ca 16 km til infoplassen til Langsua nasjonalpark. Parker her. Les kart og følg stien opp til Skaget, som etterkvart svingar ut mot Nasen.

Lengde: ca 2 km

Tid: ca 1,5 - 2 t





## 5. Grønekinnkampen (1151 moh)

Kjør FV51, parker ved Bitibua/Fjellstølen.

Følg stien og fjellstafettskilt til toppen av Grønekinnkampen

Lengde: Ca 1,6 km ein veg

Tid: ca. 30 min opp





## 6. Gravfjellet, høgste punkt (1178 moh)

Ta av frå FV51 ved Coop på Heggenes og følg vegen til Yddin (bomveg). Parker ved kontainere ved Yddin fjellstogo. Følg skilt med Fjellstafetten.

Lengde: ca 2,5 km

Tid: 60 - 80 min opp





## 7. Storbergtinden (1014 moh)

Ta av FV51 i Skammestein og følg Vinstervegen ca 1,8 km (bomveg), parker på plassen ved containerane (NB! parker ut mot kanten så søppelbilen kjem til). Følg merka sti til Storbergtinden.

Lengde: 1,6 km ein veg

Tid: ca 40 min opp





## 8. Snaue høgde (1058 moh)

Ta av frå FV51 ved Moane. Følg stølsvegen (bombev) ca 14 km til der vegen tek av mot Etnestølen. Fjellstafettskilt står ved krysset. Følg stølsvegen mot Etnestølen 200 meter. Ta av til venstre og følg stigen ca 800 meter opp på åsryggen. Her vinklar stigen ved eit fjellstafettskilt. Følg stigen ein km til Snaue høgde.

Lengde: 2 km ein veg

Tid: ca 30 – 40 min opp







## 9. Øystre Saurshovd (1077 moh)

Ta av FV51 ved gamle Coop Rogne/Melbybråten og følg stølsveg (bomveg) til stølslaget Etnelie (dette er ved vegs ende på stølsvegen). Kjør øvre vegen inn på stølslaget og parker midt på stølen ved fjellstafettskiltet. Følg merka sti fram til turmålet.

Lengde: ca 1,3 km

Tid: ca. 20-30 min.




## 10. Løkjishøvda, høgste punkt (698 moh)

Ta av FV51 mot Volbu, følg Volbusvegen til Storefoss Stadion og parker på P-plass ved klubbhuset. Følg skilta sti som startar i lysløypa og ta til høgre på grusveg opp til hoppbakken. Kryss over flata nederst i hoppbakken og fortsett på sti oppover i skogen. Følg skilt til toppen. Alternativ til tur/retur Løkjishøvda, er å gå vidare forbi gapahuken og følgje skogsbilveg/sti ned til Heggefjordvegen og tilbake til Herang.

Lengde: ca. 2 km ein veg

Tid: ca. 1 time opp



## 11. Rundemellin (1344 moh)


Ta av FV51 ved Melbybråten og følg stølsveg (bomveg) mot Etnelie. Følg skilt til Turrsjøen og parker på P-plass på stølen Turrsjøen ca. 300-400 m før vegs ende. Rundemellin og Kalvemellin kan gås som ein runde ved å velje sti mellom Meldetjedna og på vestsida av Rundemellin.

Rundemellin:

Gå vegen 100-200 m vidare og følg skilta stig på austsida av Rundemellin og opp på toppen.

Lengde: ca 2,5 km ein veg

Tid: 1,5 - 2 timar opp



## 12. Kalvemellin (1136 moh)

Kalvemellin:

Følg skilta sti om Melletjednet og opp på Kalvemellin.

Lengde: 2 km ein veg

Tid: 30 - 40 min opp

